

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:
21/72 - 33 / ANT

Dato:
26.09.2023

Invitasjon til møte og synfaring om dispensasjonar i Austrheim kommune

Austrheim kommune viser til dykkar svarbrev datert den 11.09.2023 med overskrift «**Svar på spørsmål om ny vurdering i fire dispensasjonar i Austrheim kommune**» (dykkar ref. 2022/6095).

Statsforvaltaren skriv avslutningsvis følgjande:

Kommunen uttrykker elles i brevet stor frustrasjon over Statsforvaltaren sin praksis for å klage på dispensasjonar kommunen gir til tiltak i strandsona, og inviterer også statsforvaltar Liv Signe Navarsete til synfaring i Austrheim kommune. Statsforvaltaren meiner det er viktig at vi har ein god dialog i desse sakene, og vil ta kontakt med kommunen om eit møte om dispensasjonar i sone 3, i strandsona.

Austrheim kommune vonar at statsforvaltar Liv Signe Navarsete vil koma til Austrheim kommune og gjennomføra ei synfaring her saman med ordførar og tilsette i administrasjonen. Det er og naturleg då å drøfta handteringa til Statsforvaltaren i Vestland i saker framover som gjeld dispensasjonar i sone 3, i strandsona. Det kan og vera aktuelt å drøfte på nytt dei fire sakene som me tok opp i brevet til Statsforvaltaren sist, og om grunneigarane der no søkje på nytt att.

Austrheim kommune vonar Statsforvaltaren vil gi oss ein rask tilbakemelding på kor tid denne synfaringa og møte kan finna stad, og at dette vert prioritert av dykk. Det er fint om tidspunkt vert avtalt direkte med ordførar Per Lerøy, han har tlf. 94506747 eller på e-post per.leroy@austrheim.kommune.no.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Kopi til:

Bjørnar Fjellhaug
Per Lerøy

Mottakere:

Statsforvaltaren i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER